



Brødrene Hindenes A.s
Heiane 10
5131 NYBORG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/266 - 14/1232

Saksbehandlar:

Roald Kvingedal

roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:

13.03.2014

Melding om delegert vedtak - Søknad om oppføring av bustadhus gnr 32/53, Bjørkeneset

Delegeringssak:

Vedtak

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til § 20-1 plan – og bygningslova og godkjenner søknad om oppføring av bustadhus gnr 32/53, Bjørkeneset.

Søknad med vedlegg mottatt 20.02.14 vert godkjent på fylgjande vilkår:

-Koordinatar for innmålt bygg, veg og parkering må sendast til kommunen før ferdigmelding av tiltaket.

- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngjeving:

Søknaden er i trå med reguleringsplan Bjørkeneset.

Vatn- og avlaup

Søknad om tilkopling av kommunalt vatn og privat avlaup gnr 32 bnr 53, Bjørksneset, slik søknaden med vedlegg mottatt 31.10.13 viser, vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Tilknytingsavgift skal vere betalt før tilkopling av vatn.
- Det skal sendast inn ferdigmelding når tiltaket er avslutta.

Grunngjeving

Søknaden er i trå med, reglement, vilkår for tilknytning, Masfjorden vassverk.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Brødrene Hindenes AS, 5131 Nyborg, vert godkjend som ansvarleg Søk for heile tiltaket.

Brødrene Hindenes AS, 5131 Nyborg vert godkjend som ansvarleg PRO og UTF for Arkitektus grunnarbeid, betong og tømrararbeid.

Medaas Oppmåling, 5914 Isdalstø, vert godkjent som UTF for plassering av tiltaket.

Lindås Rør & Sanitær AS, 5914 Isdalstø, vert godkjend som ansvarleg PRO og UTF for utvendig og innvendig sanitærinstallasjonar.

Byggm. Bjørn Rune Kvinge AS, 5981 Masfjordnes, vert godkjent som ansvarleg for kontroll på våtrom og lufttetthet.

Heimel

§ 20-1 plan – og bygningslova.

Reguleringsplan Bjørkeneset.

Vilkår for tilknytning, Masfjorden vassverk.

Gebyr

Gebyrregulativet

Bortfall av byggeløyve, PBL §21-9:

Arbeid må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyve er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet er innstilt i meir enn 2 år.

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Terje Kallekleiv
Teknisk sjef

Roald Kvingedal
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Laila Langenes

Heiane 17

5131

NYBORG

Mottakere:

Brødrene Hindenes A.s

Heiane 10

5131

NYBORG

Saksutgreiing:**1 Bakgrunn**

Saka gjeld søknad om oppføring av bustadhus, gnr 32/53, Bjørkeneset.

2 Uttale

Tiltaket er nabovarsla, det er ingen merknader på søknaden.

3 Fakta

Søknaden gjeld søknad om oppføring av bustadhus, gnr 32/53, Bjørkeneset.

Det vert og søkt om tilkopling til kommunalt vatn og tilkopling til privat avlaup.

4. Vurdering

Søknaden er i trå med reguleringsplanen for Bjørkeneset Hyttefelt.

PRESISERING AV VILKÅR VED TILKNYTING TIL KOMMUNALT VATN OG AVLAUP

Ved søknad om tilknytning til kommunalt vassverk vert det gitt løyve med forbehold om at vilkåra for tilknytning vert oppfylt.

Dette gjeld spesielt ferdigmelding m.m. straks etter at arbeidet er utført. Kommunen sender då ut krav om tilknytingsavgift til abonnenten. Så snart denne er betalt vert det sendt ferdigattest på anlegget til ansvarleg søkjar med kopi til tiltakshavar. Desse vilkåra må vere oppfylt før ansvarleg søkjar/utførande kan opne for vatn til abonnenten frå kommunalt vassverk

Vedlegg: Masfjorden vassverk- stikkleidningar.